



REFERAT/NOTAT - KOMMUNEREFORM

Møte på Rådhuset i Volda

09.03.2017 kl. 15.00

Til stades:

Rune Sjugard Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland Rådmann

Asbjørn Moltudal Ass.rådmann Volda

Tillitsvald Delta Hornindal, Norunn Helene Holmøy-Wang

Tillitsvald Fagforbundet Volda, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Berit og Liv Oddrun vart inviterte til møtet for å drøfte overordna prinsipp rundt frikjøpsordning og evaluering av organisering og kultur. Sak 1 og 2

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>1. Frikjøp av tillitsvalte</p> <p>Etter drøftingar om m.a. modell for frikjøp, kven som skal verte omfatta av frikjøpsordninga, omfanget av frikjøp (tid) og kva arbeid som skal frikjøpast konkluderte ein med at personalsjefane i samråd med dei hovudtillitsvalde utarbeider utkast til sak der det vert skissert modell for frikjøp av tillitsvalde. Det er ynskjeleg at utkastet er klart slik at saka kan leggast fram til neste møtet i Fellesnemnda 20. april</p>	<p>Berit og Liv Oddrun</p>
<p>2. Planleggje evaluering av organisering og kultur</p> <p>Styringsgruppa drøfta ulike former for evaluering. Ein var samde om at dette ikkje bør vere nokon stor prosess då vi no skal bygge noko nytt. Det viktige må vere å ta vare på det som fungerer og ta med seg det som er bra frå dei to kommunane inn i den nye kommune.</p> <p>Det har og vore gjort ulike evalueringar allereie som ein kan bygge på og det vert no gjennomført 10-faktor undersøking i Volda. Kanskje kan Hornindal også gjennomføre ei slik undersøking? Kanskje kan det i ein "work-shop" gjennomførast ei SWOT-analyse med ein innleiing på førehand?</p>	

<p>På bakgrunn av drøftinga vil personalsjefane kome med eit framlegg til korleis ein skal legge opp denne evalueringa.</p> <p>Det vert også jobba med eit mulig opplegg der tilsette på rådhusa i Volda og Grodås møtest for å starte å bygge kultur. Aktuell dato 11. mai.</p>	<p>Berit og Liv Oddrun</p>
<p>3. Planlegging av midtvegs møte med arbeidsgruppene</p> <p>21.april kl. 14.00 Volda</p>	<p>Asbjørn sender ut innkalling Agenda vert ettersendt</p>
<p>4. Eventuelle oppgåver som hastar å følgje opp frå prosjektplan/milepelsplan</p> <p>Mange aktivitetar er no sett i verk og styringsgruppa ser ikkje på dette tidspunktet trong om å sette i verk noko meir utover det som er gjort.</p>	
<p>5. Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • I prosjektplanen skal Idar Holen, Hornindal og Sirikit Vågen, Volda settast inn som Varamedlemer • Det vart drøfta å "skuve fram" punkt i prosessen. M.a vart det drøfta å skuve fram persessen med at volda snarast kan overta skatteoppkrevarfunksjonen for Hornindal. Rådmannen i Hornindal og skatteoppkrevjaren i Volda ser på den muligheten i lag og evt. lagar sak. • Styringsgruppa er rimeleg klar på at dette prosessarbeidet langt på veg må gjerast innanfor dei rammene som vi har i dag og at det såleis langt på veg vil vere eit dognadsprosjekt. Styringsgruppa ser likevel at det innanfor enkelte område kan vere aktuelt å styrke prosjektorganisasjonen med ressursar for å få gjort det arbeidet som trengst. Dette vert å kome attende til. 	<p>Ann Kristin</p> <p>Rune</p>
<p>Orientering</p> <p>Rådmannen kalla inn til møte med ressurspersonar med sikte på å drøfte status og avklare organisering og framdrift for søknad om midlar til fiberutbygging.</p> <p>Det er to ordningar vi kan søkje på:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. M-com retta mot fiber til samfunnet (søknadsfrist 3 mai?) 2. Midlar frå Kommunaldepartementet i samband med kommunesamanslåing (Nasjonal ramme på 100 mill og frist ikkje avklart enda) <p>Behovet for Volda og Hornindal er todelt, og der det er eit siktemål om ein kan kombinere tiltak frå begge ordningane:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fiber mellom rådhusa 2. Fiber til samfunnet i strekka mellom Volda sentrum og Grodås <p>Leggje ut høyring på Volda kommune si nettside. Gruppa førebur søknad for begge ordningane innan dei gjeldande fristane.</p>	<p>Organisering av arbeidet: Arbeidsgruppe samansett av: - Edvin Løfoll (koordinerer arbeidet) - Knut Sverre Nes - Paul Ottar Tornes - Guttorm Rimstad</p> <p>Knut Sverre</p>

Rådmennene orienterer formannskapa om at det vil verte søkt. Det vert lagt fram politisk sak etter at det er søkt.	
Neste møtet for styringsgruppa er sett til 3. april k. 09.00	

Møtet slutt kl. 16.00

Volda, 10. mars 2017



Asbjørn Moltudal

Rådgjevar

Samfunn og rådgjeving

Tlf 70 05 87 00 /97 51 52 25

www.volda.kommune.no

studiebygd@